

Mulegheitstudie for Stalheims-området - verdsarvportalen



Fjordane er kanskje Noregs sterkaste, internasjonale merkevare. I 2004 og 2009 kåra National Geographic sitt ekspertpanel Fjord Norge som verdas beste reisemål, der berekraft og autentisitet var blant kriteria. I 2005 vart Vestnorsk fjordlandskap, med delområda Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet oppført på UNESCO si verdsarvliste. Listeføringa vart grunna i fylgjande, eineståande universelle verdi («outstanding universal value»):

Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bre-sjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.

Noreg sin verdsarvpolitikk er forankra i Stortingsmeldinga om kulturminnepolitikken som kom i 2013. Mellom anna er det eit mål å etablere senter for verdsarven ved alle dei norske verdsarvområda. I 2015 autoriserte Klima- og miljødepartementet tre norske verdsarvsenter: Vegaøyan, Bergkunsten i Alta og Vestnorsk fjordlandskap ved Geirangerfjorden. Departementet har her løyvd pengar til den daglege drifta, utstillingar og natur- og kulturminnevegling. I tillegg finansierer departementet ei basisutstilling om verdsarven som skal inngå i alle verdsarvsentera. Statusen som verdsarvsenter skal sikre at dei

besøkande og lokalbefolkninga får god informasjon om kva verdsarven står for, og kor viktig den er, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Sentera skal også bidra til å styrke den lokale forankringa av verdsarven. Det er ikkje utreia korleis Vestnorsk fjordlandskap ved Nærøyfjorden kan få etablert verdsarvsenter. Som portal inn i verdsarven kan ei formidling på Stalheim koplust opp mot verdsarvstadens universelle verdiar knytt til naturvenleik, geologiske tilhøve, det dramatiske naturlandskapet sin kulturelle dimensjon og mangfaldet av andre naturfenomen. Stalheim kan ha eit særskild formidlingsansvar for landskapsvernområde i Nærøydalen og Grånosmyrane naturreservat. Lokalhistoria om turiststaden Stalheim kan her på ein god måte visa korleis synet på landskapet har endra seg med romantikken.


Stalheim er ein av dei mest spektakulære inngangsportane til Nærøyfjorden og verdsarvområdet «Vestnorsk fjordlandskap». Stalheim Hotel er i dag ein av attraksjonane i dei populære «Norway in a Nutshell» -turane, med eit årleg besøk på kring 300 000. På Stalheim og i nærområdet ligg store natur- og kulturverdiar. Stalheim Hotell med utsikten til Jordalsnuten og Nærøydalen ligg sentralt i området. Landskapsrommet her har høg nasjonal/internasjonalt verdi og hotellet og utsikten har og ein lang og interessant historikk. Frå utsikten ved hotellet kan ein sjå korleis isbreane og elvene har forma landskapet med tydlege spor etter hengedalar og «elvetjuveri». Til hotellet høyrer og ein av dei største private kulturhistoriske samlingane knytta til den gamle bondekulturen. Under hotellet ligg Stalheimskleiva med det handmura veganlegget som i dag er freda som kulturminne. På kvar si side av veganlegget ligg Stalheimsfossen og Sivlesfossen og på ei fjellhulle mot Jordalsnuten ligg husmannsplassen Nåli. Herifrå ser ein rett bort på Jordalsnuten med «Drakeholet» som er sentralt i Per Sivle si fortelling « Berre ein Hund».

Som det er peika på over har Stalheimsområdet store natur- og kulturverdiar og utvilsomt eit stort potensiale i reiselivssamanheng. Ei hovudutfordring i dag er likevel at fleire av kvalitetane ikkje er utvikla og det manglar ei heilheitleg tilrettelegging og formidling av området.

Mål med mulegheitstudiet

Mulegheitstudiet skal kartlegge og vurdere potensialet for ei berekraftig utvikling av natur- og kulturverdiane i Stalheimsområdet. Eit hovudfokus vil vera å analysere potensiale for tilrettelegging og reiselivsutvikling i portalområdet, men mulegheitstudiet må og sjå Stalheimsområdet i forhold til Bergen, Voss, Myrkdalen Fjellandsby og ikkje minst fjorden (Flåm og Aurland) og vurdere kva samarbeidsformer som kan utviklast mellom ulike aktørar (jf. kart).

Avgrensing av studie-området



Kva skal utgreiast

- Kort omtale av Stalheimsområdet med dei natur- og kulturkvalitetane som finst innanfor området.
- Omtale av reiselivet, historisk og slik det framstår i dag
- Korleis utvikle verdsarv-verdiane som ressurs for reiseliv og friluftsopplevingar i området? Konkret kva natur- og kulturkvalitetar kan vidareutviklast og korleis kan dei tilretteleggjast på ein framtidsretta og berekraftig måte.
- Korleis kan «Stalheim Folkemuseum – Tønneberg samlingar» si samling tilretteleggjast /nyttast som ein del av formidlinga i området?
- Kva potensiale har reiselivet i området – kva bør utviklast og på kva måte? Kva vil ny E16 krevje av tilpassingar. Kva potensiale vil ny veg til Jordalen ha? Kva skal til for å etablere heilårsverksemd knytt til hotellet?
- På kva måte og kvar bør ein formidla framtidig informasjon om verdsarvområdet / verneområdet og dei ulike natur- og kulturkvalitetane. Heri vurdere lokalisering av mulege verdsarvsentre og tematikk i informasjon/utstillingar på dei ulike lokalitetane.

Organisering og medverknad

Prosjekteigar: Voss kommune

Prosjektansvarleg: Ordførar Hans Erik Ringkjøp

Prosjektleiari: Plan og miljøvernsjef Gunnar Bergo

Styringsgruppe:

Voss kommune, Stalheim Hotel, Stalheim landskapsark, Hardanger og Voss Museum

Konsultative medlemmer: Hordaland fylkeskommune (ved fylkeskonservator),

Fylkesmannen, Nærøyfjorden Verdsarvpark

Kostnad og finansiering

Utgifter:

Innkjøp konsulent for utarbeiding av mulegheitstudie	kr. 450 000
Diverse	kr. 25 000
	<hr/>
	Kr. 475 000

Finansiering :

Voss kommune	kr. 150 000
Hordaland fylkeskommune	kr. 150 000
Fylkesmannen i Hordaland	kr. 150 000
Stalheim hotell	kr. 25 000
	<hr/>
	Kr. 475 000

Framdrift

Oppstart : juni 2016

Avslutning med rapport : 1 des. 2016

Vedlegg

I 1647 vart postruta frå Oslo over Fillefjell til Stalheim og vidare til Voss og Bergen oppretta. Stalheim var heilt frå begynnelsen ein postgård langs denne vegen. I 1849 vart kjerrevegen opp Kleiva opna. Vegtraseen er uvanleg bratt og dei mange svingane opp kleiva er handmura. Veg-anlegget er i dag freda som kulturminne.

Stalheimskleiva ligg innanfor verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap som vart oppretta i 2005. Kleiva ligg også innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde.

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv (2006-2009) for Voss kommune er det m.a. prioritert å opparbeide eit utsiktspunkt til Sivlesfossen.



Voss kommune har tidlegare m.a. rehabilitert og bygd opp att vegen til husmannsplassen Nåli (sjå bilde) og opparbeida ein gangveg til Stalheimsfossen



Stalheim hotell har ei av dei største private kulturhistoriske samlingane knytta til den gamle bondekulturen.



Husmannsplassen Nåli medan det enno sto bygningar på plassen.



Jordalsnuten med «Drakeholet».